



Sunnfjord
kommune

Årsplan 2023 – 2026

Skei barnehage

Aktivitetsskalender for hausten 2025 og våren 2026.



Innhold

Einingsleiar har ordet	3
Presentasjon av barnehagen	4
Barnehagen sitt verdigrunnlag	4
Satsingsområde for barnehagen 2023–2026.....	6
Medverknad.....	8
Tidleg innsats.....	8
Overgangar.....	8
Samarbeid	9
Barnehagen som pedagogisk verksemd (Vurdering).....	10
AKTIVITETSKALENDER 2025 OG VÅREN 2026	11



«sauesanking»



Solsnumarkeing



Einingsleiar har ordet

Velkomen til årsplanen for Skei barnehage! Her får du innsikt i kva vi står for og korleis vi jobbar for å skape eit trygt og inkluderande miljø for barna.

Årsplanen er eit verktøy for personalet, eit grunnlag for foreldresamarbeid og tilsyn, og byggjer på barnehagelova og rammeplanen. Årsplanen byggjer på tidlegare årsplanar, men er gjort kortare. Det er lagt inn fleire linkar.

Nytt: Kompetansehevingssprosjekt Tema: «Eit inkluderande miljø for omsorg, lek, læring og danning» og aktivitetsskalenderen for barnehageåret 2025 – 2026.

Vi legg vekt på at alle barn og vaksne skal bli sett og høyrte, og at barna får gode minner gjennom lek, vennskap og felles opplevingar.

Personalet består av ein stabil gruppe medarbeidarar, med pedagogar i henhold til gjeldande normer. Majoriteten av dei resterande tilsette har fagbrev som barne- og ungdomsarbeidarar, noko som sikrar høg fagleg kompetanse og kvalitet i det pedagogiske arbeidet.

I tillegg til årsplanen har vi:

- **Velkomstbrev** til nye foreldre
- **Månadsplanar** med evaluering og aktivitetar
- **Visma Flyt-app** for kommunikasjon
- **Informasjonsskriv** frå administrasjonen

Månadsplanane tilpassar seg barna sine interesser og behov.

For kontakt og praktisk info, sjå nettsida vår:

<https://sunnfjord.kommune.no/tenester/barnehage-og-skule/barnehage/finn-barnehage/skei-barnehage/>

Ta gjerne kontakt om de har spørsmål – vi ønskjer eit godt samarbeid med dykk!

Mona Skaia Årdalsbakke

Einingsleiar

Skei barnehage

e-post: mona.skaia.ardalsbakke@sunnfjord.kommune.no

Presentasjon av barnehagen

Skei barnehage er ein kommunal barnehage eigd av Sunnfjord kommune, og ligg på Skei bak Skei tenestetorg og Felleskjøpet.

Barnehagen har i dag 84 plassar for barn i alderen 0–6 år, fordelt på fire avdelingar: to med 24 plassar og to med 18 plassar. Opningstida er kl. 07.00–16.30.



Røsslyng 3-4 åringar
Mobil: 979 54 880



Solsikke: 1-3 åringar
Mobil: 480 94 110



Skogstjerne 4-6 åringar
Mobil: 481 80 254



Blåklokke: 1-3 åringar
Mobil: 481 51 835



Skeibarnehage
57726430 /
Mobil: 917 37 762

Barnehagen sitt verdigrunnlag

Visjon og verdier

«Saman blir vi drivande gode»

Verdiord: Engasjert – Inkluderande – Nær

Hugseregel: Vi er EIN

Vi jobbar for eit godt fellesskap gjennom god kommunikasjon og samarbeid. Personalet skal vere engasjerte, inkluderande og nære i møte med barna, og verdiane skal prege arbeidet med barn, foreldre og kollegaer. Vi byggjer «vi-kjensle» og utviklar oss gjennom respekt og samarbeid.

Omsorg og danning

Tryggleik og trivsel er grunnlaget for utvikling. Personalet skal:

- møte barna med varme og interesse
- skape stabile og trygge rammer
- fremje glede, humor og omsorg
- støtte barna i meistring og utvikling
- tilpasse omsorg til kvart barn
- hjelpe barna å forstå seg sjølv og andre

Leik

Leik er sentralt i barn si utvikling og læring. Personalet skal:

- vere til stades og støtte barna i leiken
- skape eit inkluderande leikemiljø
- inspirere gjennom turar, bøker, drama m.m.
- observere og rettleie ved behov

Læring

Læring skjer i fellesskap og gjennom utforsking. Personalet legg til rette for:

- gode relasjonar og inkluderande miljø
- kreativitet og undring
- meistring og positive tilbakemeldingar
- utforsking av barn sine interesser
- opplevingar som turar, teater og konsertar

Fagområde frå rammeplanen til barnehage



Alle fagområda blir integrert i kvardagen og i satsingane våre. Leiken er utgangspunktet for læring, og barna skal oppleve fagområda som meningsfulle og morosame.

Link: Rammeplan for barnehage

<https://www.udir.no/contentassets/7c4387bb50314f33b828789ed767329e/rammeplan-for-barnehagen---bokmal-pdf.pdf> endre til nynorsk

Satsingsområde for barnehagen 2023–2026

Inkluderende barnehagemiljø



Hovudmål: Alle barn skal ha det trygt og godt.

Delmål: Vaksne skal sjå til at barna trivast og har det bra.

Tiltak:

- vaksne som er aktive og nære i leiken
- vaksne som observerer og har fokus på miljøet i avdelinga
- vaksne som har nær dialog med foreldre om barnet sin trivsel
- vaksne som gjev alle barn positiv merksemd kvar dag

Delmål: Bruk målretta tiltak ved mistanke om at eit barn ikkje trivast.

Tiltak:

- Dele barnegruppa i mindre leikegrupper
- Jobbe med å inkludere i leik
- Samtalar med barn
- Tett foreldresamarbeid
- Observasjon

Språk og språksatsing



Hovudmål: Skape gode språkmiljø i barnehagen, som eit godt grunnlag for alle barn si språkutvikling.

Delmål: Legge til rette for språkaktiviteter tilpassa barna sine ulike føresetnader.

Tiltak:

- Jobbe med språkverktøya «Grip om grepa», «Språkkista», «Babblarna», «ASK» (alternativ supplerande kommunikasjon)
- Bruke verktøya i planlegging og gjennomføring av språkaktiviteter

Relasjonskompetanse Tryggleikssirkelen COS

Hovudmål: Etablere trygge og gode relasjonar mellom vaksne og barn.

Delmål: Auke personalet sin kompetanse om tilknytning og tryggleik.

Tiltak:

- Nytte tryggleikssirkelen som modell for å forstå barna sine behov og åtferdsuttrykk.
- Reflektere jamleg over relasjonar og praksis.




RE-komp prosjekt Kompetanseheving



Tryggleikssirkelen

Omsorgspersonar med fokus på barnet sine behov

© Cooper, Hoffman, Marvin, & Powell, 1999



Tema: «Eit inkluderande miljø for omsorg, lek, læring og danning»

Dette er eit samarbeidsprosjekt med Høgskulen på Vestlandet.

Hovudmål: Fremje lek som ein arena for læring og danning, og skape eit miljø der alle barn opplever omsorg, tryggleik og tilhørslse.

Delmål:

- Styrke barna si evne til å uttrykke seg, samarbeide og utvikle sosial kompetanse.
- Sikre at vaksne er deltakande og støttande i barnas utvikling.

Tiltak:

- Tilrettelegging for lek og aktivitetar inne og ute som fremjar samspel og kommunikasjon.
- Lage temabasert leikemiljø med kubar, koffertar og variert materiell.
- Reflektere saman i personalgruppa om praksis og utviklingsarbeidet.
- Planleggingsdag med forelesar Trude Brendeland (Fantasifantasten) 19.01.26

Medverknad

Mål: Barn skal få påverke sin kvardag i barnehagen.

Personalet skal:

- Lytte og ta barn sine uttrykk på alvor.
- Legge til rette for medverknad etter alder og modning.
- Gje barna høve til å delta i planlegging og vurdering.
- Vaksne tolkar og respekterer ulike uttrykksformer.

Foreldresamarbeid

Mål: Trygt og godt samarbeid mellom heim og barnehage.

Tiltak:

- Dialog ved levering, henting og samtalar.
- To faste foreldresamtalar i året.
- Foreldremøte med informasjon og val på hausten og temamøte på våren.
- Sosiale arrangement som påskefrukost, sommaravslutning med FORUT kafe`og dugnad.

Tidleg innsats

Mål: Tidleg hjelp ved bekymring for utvikling eller åtferd.

Tiltak:

- Tidleg dialog med foreldre.
- Bruke Sunnfjord kommune sin handbok i «Tidleg innsats, tilpassa opplæring og spesialpedagogikk»

<https://sunnfjord.kommune.no/tenester/barnehage-og-skule/handbok-i-tidleg-innsats-tilpassaopplaring-og-spesialpedagogikk/>

TIBIR (Tidleg innsats for barn i risiko.) Foreldrerådgjeving

https://www.google.com/url?sa=t&rct=j&q=&esrc=s&source=web&cd=&ved=2ahUKEwi8-aCkj4uRAxVUKhAlHaLBJfIQFnoECBsQAQ&url=https%3A%2F%2Fsunnfjord.kommune.no%2F_f%2Fp1%2Fi24c72922-f59a-41da-ac9f-f9fa7eef7e2c%2Ftiltaksvifte-bti-sunnfjord-kommune.pdf&usg=AOvVaw1EkTaL5naE7wSXS5_Pxj25&opi=89978449

Overgangar

Når barnet startar i barnehagen

Tiltak:

- Besøksdag i juni for nye barn.
- Gradvis tilvenning med kortare dagar.
- God kommunikasjon mellom heim og barnehage.

Overgangar i barnehagen

Tiltak:

- Besøk og felles aktivitetar mellom avdelingar. Besøk på ny avdeling på våren og sommaren

Overgang mellom barnehage og skule

Tiltak:

- Førskuletreff og besøk på Skei skule og SFO.
- Avslutning med ein dagstur for dei som skal begynne på skulen.
- Overføringsmøte med pedagogisk leiar/einingsleiar frå barnehage, og lærar/rektor m.fl. frå skule. Informasjonen som vert overlevert er avklart med foreldra i foreldresamtale i mars/april.
- Skulen inviterer alle førskulebarn og foreldre til innskriving (vanlegvis i juni).

Samarbeid

Internt i barnehagen

- Avdelingsmøter, pedagogisk leiarmøte, personalmøte, og planleggingsdagar er arenaer for samarbeid internt og for fagleg utvikling.



Eksterne instansar

Helsestasjon:

- familiesamtalar og oppfølging av barn og unge.
- foreldrerådgiving og rettleiing innan PMTO og Tryggleikssirkelen (COS -sirkelen).
- Samtalepart til barnehagen

Home-Start Sunnfjord: Tilbyr hjelp og støtte til familiar som ønsker det, og som har minst eitt barn under skulealder. [Home-Start Sunnfjord](#)

Skei skule: låner gymsal og basseng. Har utplassering av elever i praksis og andre besøk frå skulen.

Skei Bibliotek: låner bøker og er på besøk.

Stardalen barnehage: ulike treff gjennom året.

Skei omsorgssenter får besøk frå barnehagen. Barna deltek i aktivitetar som gir glede og samspel med eldre. Blant anna stelle hønene i sansehagen. Skei barnehage er ein. Livsgledebarnehage. <http://livsgledeforeldre.no>



Butikkar på Skei: Handlar, går på besøk

NAV - Sosialtenesta og Barnevernstenesta kan vere eit rådgjevande organ for barnehagen. Barnehagen kan vere eit hjelpetiltak for barnevernet.

BUFA Barn, unge og familiestøtte – Sunnfjord kommune

Barn, unge og familiestøtte er eit lågterskeltilbod for barn, unge og deira familiar, og er både eit førebyggjande og behandlande psykisk helsetilbod. [Barn, unge og familiestøtte \(BUFA\) - Sunnfjord kommune](#)

PPT Pedagogisk Psykologisk Teneste i Sunnfjord – PPT 57 82 93 00) Dei jobbar med både system saker og individsaker. [Pedagogisk psykologisk teneste \(PPT\) - Sunnfjord kommune](#)

I barnehagen har vi Ressursteam som består av kontaktpersonen frå PPT, einingsleiar, assisterande einingsleiar og pedagogiske leiarar. Teamet er knytt mot tidleg innsats, og er eit fora for samarbeid knytt til tilpassa opplæring og spesialpedagogikk.

Førde BUP - Barne og ungdomspsykiatriske poliklinikk - Helse Førde. Dei yter polikliniske teneste innen psykisk helsevern til barn og unge under 18 år. [Førde BUP - Helse Førde HF](#)

Barnehagen som pedagogisk verksemd (Vurdering)

Planlegging, årsplan, dokumentasjon og vurdering

Mål: God kvalitet i samspel og relasjonar.

Tiltak:

- Planlegging og vurdering basert på observasjon og samtalar.
- Regelmessig refleksjon og vurdering i personalgruppa.
- Dokumentasjon og vurdering i tråd med mål og retningslinjer

Barnehagen skal vere ein lærande organisasjon som gir barna eit tilrettelagt tilbod i tråd med barnehagelova og rammeplanen. Det pedagogiske arbeidet byggjer på observasjon, samtalar og refleksjon, og skal vere fleksibelt nok til å romme både planlagde aktivitetar og spontane «her og no»-opplevingar. Planar som årsplan og månadsplanar skal vise mål, metode og aktivitetar, og justerast etter barnas behov og interesser. Dokumentasjon og vurdering skal støtte utvikling og sikre kvalitet i samspel og relasjonar.

Månadsplanane vert laga på den einskilte avdeling og samkøyrte der det er fellesaktivitetar. Planen skal vise målsetjing, tema, metode og ein aktivitetsplan for kommande månad. Den skal ivareta endringar og interesser i barnegruppa.

Det som står på månadsplanen er spesielle aktivitetar som er planlagt på dei ulike dagane. Er dagen tom følgjer gruppa vanleg dagsrytme.

Planen skal og gje eit tilbakeblikk/oppsummering frå månaden som har gått, og informasjon om ting som skal skje.

Gjennomføringa av planen må vere så fleksibel at det er rom for spontanitet og medverknad frå barna



AKTIVITETSKALENDER 2025 OG VÅREN 2026

	m a n	Barn	Personalet	Foreldre
Haust, Kva skjer i naturen rundt oss? Samle inn ting frå naturen til aktivitetar. Korleis skal vi vere mot kvarandre? Fokus på fagområda: Natur, miljø og teknologi og Etikk, religion og filosofi.	August	Nytt barnehageår ved skulestart veke 34 Tema: Tilvenning: Bli kjent og trygg i barnehagen med avdelingar, rutinar, barn og personale. Fokus på mobbing gjennom dagleg aktivitet.↓	15. Planleggingsdag	Foreldresamtale med foreldre til nye barn. 15. Planleggingsdag stengt 29. Rydding av hyller for reinhald
	September	Brannvern veke i 38 Tema: Brannvern og øving. Besøk av Bjørnis. Nasjonal brannøving ↓ Eldar og Vanja. Brannøving – varsla Branbil -besøk på brannstasjonen Bruk av refleks.	1. Personalmøte 15. Personalmøte RE-komp Observasjon: Trivsel og utvikling hos barna – nye tiltak 29. Foreldremøte ped.l./styrar Start - førebuing til foreldresamtalane ↓	26. Rydding av hyller for reinhald 29. Foreldremøte ped.l./styrar
	Oktober	24. FN dagen Barns rettigheitar	Evaluering og planlegging av vidare arbeid 15. Personalmøte	28 Møte/kurs i SU arrangør FUB (foreldreutvalet for barnehagar) Konstituere SU 31. Rydding av hyller for reinhald
Vinter, snø, is. Fokus på: Kunst, kultur og kreativitet, Etikk, religion og filosofi.	November	7. Planleggingsdag 10. FOTOGRAFERING Hemmelege aktivitetar Baking	Foreldresamtalar ↓ 7. Planleggingsdag Felles for barnehagane i Sunnfjord. Digitalt frå HV Tema: Observasjon og dokumentasjon. 10. Vernerunde Observasjon: Trivsel og utvikling hos barna – nye tiltak 24. Personalmøte Adventstida, planer. Årsplanen	7. Planleggingsdag stengt 28. Rydding av hyller for reinhald Skjema der foreldre må gje beskjed om dei dagane dei kjem i samband med Jul og nyttår. Frist 01.12.25
	Desember	Tema: Advent og Jul 3. Julelunsj for barn og personale 8. Juleforteljing Besøk i barnehagen av kyrkjelydspedagog Silje Sørebo m. fleire. 12. Luciatog 17. Nissefest: 19. Solsnu markering i Gapahuken	3. Julelunsj for barn og personale 8. Juleforteljing Besøk i barnehagen av kyrkjelydspedagog Silje Sørebo m. fleire. 12. Luciatog 17. Nissefest 19. Solsnu markering i Gapahuken Observasjon: Trivsel og utvikling hos barna – nye tiltak	19. Rydding av hyller for reinhald

	m nd	Barn	Personalet	Foreldre
	Januar	2. Oppstart etter jul Eventyr Lese / lage eventyr. Dramatisere, lage kostymer og instrument til karnevalet. 19 Planleggingsdag - stengt	2. Oppstart etter jul 5. Personalmøte: Observasjon - trivsel og utvikling hos barna – nye tiltak 19. Planleggingsdag. stengt Besøk fra Fantasifantasten. v/ Trude Brendeland	19. Planleggingsdag - stengt Tema: V/ Trude Brendeland i (Fantasifantasten) Brucarundersøking 30. Gi beskjed om barnet skal ha fri i vinterferien veke 8! 30. Rydding av hyller for reinhold
	Februar	6. Samefolkets nasjonaldag KARNEVAL dato kjem i månadsplan	Medarbeidarsamtalar 9. Personalmøte	Oppslag: Ang. fri i skulen sin vinterferie. Veke 8 23. Møte i SU 27. Rydding av hyller for reinhold
Vår, kva skjer i naturen rundt oss? Fokus på: Nærmiljø og samfunn. Natur, miljø og teknikk	Mars	10. Barnehagedagen «Rom for alle» 16. Planleggingsdag 25. Påskefrukost: Opplegg og evt. datoar kjem på månadsplanen	3. Personalmøte 9. Foreldremøte/ Temamøte RE-komp prosjektet. 16. Planleggingsdag – RE-komp Påskefrukost: Opplegg og evt. dato kjem på månadsplan	16. Planleggingsdag - stengt 15. Foreldremøte / Temamøte RE-komp prosjektet. Påskefrukost: Opplegg og evt. datoar kjem i eige skriv/oppheng. 27. Rydding av hyller for reinhold 9. Påmelding til plass i påskeveka
	April	<i>Påske i veke 14. 29.03 – 6.4</i> Brannøving	<i>Påske i veke 14. 29.03 – 6.4</i> 13. Personalmøte	<i>Påske i veke 14. 29.03 – 6.4</i> 1. Frist for å melde på til styrar om barnet sin ferie. Foreldresamtalar 24. Rydding av hyller for reinhold
	Mai	17. mai – Nasjonaldag Sykkeldag for 2020 modellane Avslutning opplegg for Blåbærtrolla	31. Personalmøte Vårrydding Klargjere barna sine permar 21. Dugnad / personalmøte	21. Dugnad Vask av leikar og utstyr 29. Rydding av hyller for reinhold
Sommar, vår rydding ute og inne	Juni	5. Planleggingsdag - stengt Tema: FORUT- prosjekt FORUT Kafé og korgfest.	5. Planleggingsdag Planar for neste barnehageår Vasking av leikar og utstyr.	5. Planleggingsdag - stengt 26. Rydding av hyller for reinhold
		Ferieavvikling ca. 20.06 – 18.08 (skuleferien) 3 veker samanhengande + 1 veke	Ferieavvikling	Ferieavvikling ca. 20.06 – 18.08 (skuleferien) 3 veker samanhengande + 1 veke
		GJENNOMGÅANDE ARBEID Treff for førskulebarna (blåbærtrolla) i Stardalen og Skei barnehage Besøk på Skei omsorgssenter 1 gong pr. mnd.	GJENNOMGÅANDE ARBEID: Kontinuerleg observasjon av barn sin trivsel og utvikling. Sjå og lytt Avdelings-, Ped. leiar møte 1 g/ veka. Personalmøte 1 g/ mnd. månadsplan, IOP- skiving, oppfølging og førebyggjande arbeid. Informasjon og evaluering. Brannøving 2 varsla + 1-2 uvarsla pr år.	GJENNOMGÅANDE ARBEID: Dagleg informasjon og kontakt med personalet. Dagsrapport 1-2 i veka, Månadsplan Siste fredag i månaden – rydding av hyller Ta kontakt om de lurar på noko. Vi prøver å hjelpe så godt vi kan!